
Fra: Henrik Lindås <hsl@bkkfiber.no>
Sendt: 22. juli 2016 19:44
Til: Postmottak Lindås
Emne: Utsleppsløyve
Vedlegg: IMG_0705.JPG; ATT00001.txt

Hei

Kan dykk gjere greie for kva utsleppsløyve Coop Rognaldsen Bakeri på Lindås har? Sjå vedlagt bilde frå mai i år då heile Lindåsosane var farga kvitt av utslepp frå bakeriet. I dag var der også store flak med fett over heile ådnevika.

Nedafor bakeriet er det rør i sjøen, her ser ein at dei slepp ut heile døgnet. Lindåsosane er eit omtrent lukka basseng med lite utskifting av vatn.

Samstundes vil eg stille spørsmålstegn ved kva støynivå som er tillatt. Bakeriet støyer mykje og det er særst plagsomt for oss. Det går ikkje å sove med vindaugne ope om natta. Eg peika på dette i klage til søknad om dispensasjon frå plankrav ved utbygginga i fjor, som dykk ikkje tok til følge. Diverre har nybygget førd til enda meir merkbar støy, då lyden frå kompressorar no vert slått mot Lindås sida frå det høge nybygget.